

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Ostereidet, 11. mars 2019

D/S OSTER – Søknad om støtte til kulturvern

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Lindås kommune for jamn og god støtte for å restaurere og tryggje båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Nordhordlandsregionen. Driftsesongen 2018 var god, og D/S OSTER blir no pussa opp til ny sesong. Vi er særskilt takknemlege og stolte av at dampbåten blir brukt i undervisinga til ungdomsskuleelevar i kommunen.

D/S OSTER er eit viktig innslag i heile regionen der båten bidreg til fremming av eit levande maritimt miljø, og til utbreiing og oppbygging av maritim interesse og kompetanse. Gjennom "open båt" ved kaien i Bergen, eller gjennom informasjon og aktivitetar på sine turar til fleire kommunar i området er D/S OSTER eit operativt maritimt kulturminne som bidreg til å styrke det maritime miljø i regionen. I om lag fire månader av året (mai - september) blir D/S OSTER leigd ut til ulike arrangement, både private og opne for alle.

Som det framgår av vedlagt årsmelding for 2018 så gjekk Laget med eit underskot på kr. 326.869 på grunn av dei rekneskapsmessige reglane om avskriving. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 imidlertid klart å byggje opp eit fond, "kjelgefondet", med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Dette fondet kan ikkje nyttast til anna vedlikehald, og skal vere ei sikkerheit for at båten ikkje skal miste ein heil driftsesong dersom uhellet skulle vere ute, eller alderen på kjelen krev utskifting. Det blir ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2019.

Som det framgår av vedlagt budsjettliste over grunnleggjande vedlikehalds- og driftskostnader på D/S OSTER i 2019, så stipulerer vi desse kostnadene til vel kr 580.000. Med takk for tidlegare støtte så vender NHVL seg att til Lindås kommune med førespurnad om eit tilskot i storleiksorden **kr. 25.000**. Vi vil som alltid vere interessert i tilbakemelding frå kommunen om de ønskjer eit opplegg med D/S OSTER i samanheng med lokale arrangement eller maritime/kulturhistoriske undervisingplanar. Seglingsplanen for 2019 er vist på www.oster.no.

Med vennleg helsing

Tor Johannes Bjørgaas, sign
Leiar i NHVL

Kjell Nedreaas, sign
Koordinator for finansiering og økonomi

- Vedlegg:
1. Budsjett grunnleggjande vedlikehalds- og driftskostnader på D/S OSTER i 2019
 2. Spesifikke postar i resultatrekneskapen for 2018
 3. Årsmelding 2018